

Setesdal Spelemannslag

v/Gunnar D. Ose

Reiårvatnvegen 16

4745 Bygland

Ose 05.10.22

Valle Sparebank v/banksjef Jostein Rysstad

Bykle kommune v/ordførar Jan Dagfinn Dalen

Valle kommune v/ordførar Steinar Kyrvestad

Bygland kommune v/ordførar Sigbjørn Åge Fosdal

### **Honorarfond til folkemusikk.**

Føremålet med honorarfondet er å gjere folkemusikken i Setesdal kjent og hørt, og å stimulere til aktivitet blant folkemusikkutøvarar, serleg dei unge. Det er ingen tvil om at fondet lever opp til sitt formål.

Så langt i år er det gjeve støtte til 32 ulike arrangement fordelt på 10 ulike firma/privatpersonar, som har nytta 23 utøverar.

Årsmøtet i Setesdal Spelemanslag gjorde i år fylgande samrøystes vedtak: «Åsmøte ynskjer Evje/Hornes og Åseral inn i honorarfondet.»

Bakgrunnen for vedtaket samsvarar med formålet til honorarfondet, ei utviding vil både gjere folkemusikken i Setesdal meir kjend og utøvarane vil få eit større nedslagsfelt.

Setesdal Spelemannslag administrerer fondet, men det er Valle sparebank og kommunane Bykle, Valle og Bygland som finansierer fondet. Det er derfor naturleg for meg, først å henvende meg til dykk om kva de tenkjer om ei slik utviding. Sjølvsat må dei to kommunane også bidrage økonomisk til fondet.

Me las i Setesdølen for ei stund sidan at Vidar Lande arbeider med ei kartlegging av folkemusikken i Evje og Hornnes, den seiste kappleiken i Evje og Hornes vart skipa til på midten av 1970 talet.

Det er også vel kjent at Åseral har rike tradisjonar, serleg innan vokalmusikk og at folkemusikktradisjoen i alle dei fem kommunane historisk har hatt tett påverknad på kvarandre.

For meg vil eit anna argument vere svært viktig. Ei utviding med kommunane Evje og Hornnes og Åseral vil samsvare med kommunane som i dag er med i Setesdal IPR. Dette kan vere viktig i det vidare arbeidet med å behalde setesdalskulturen sin plass på verdsarvlista til UNESCO. For kulturarven må haldast i hevd, og gjerne styrkast med ei utviding. I arbeidet med å hente inn eksterne midlar, f. eks. mot statsbudsjettet, så vil det vere ein enorm styrke at dei 5 kommunane står bak ei slik oppmoding.

Eg vil gjerne lufte eit par andre tankar med dykk. I samband med at klinkbåttradisjonen kom på Unesco si liste hadde forbundet Kysten ei markering der Setesdal Spelemannslag vart beden om eit kulturellt innslag. Noko me, med økonomisk støtte frå Setesdal IPR, gjorde. Min tanke er at når Setesdal Spelemannslag vert beden om å presentere vår kulturarv i slike samanhengar, men utanfor Setesdal, må dette etter mitt skjøn kome inn under formålet med fondet.

I dag yter fondet tilskot til utøving av spel, dans og kveding for eit publikum. Spelemannslaget har skipa til kurs, både for utøverar og for framtidige instruktørar. Ein ynskjer fleire utøverar og det er stor mangel på instruktørar. Kan ein tanke vere at fondet også yter tilskot til slik opplæring?

Eg vonar Sigbjørn Åge Fossdal, som no er leiar i Setesdal IPR kan takke dette opp til drøfting og då sjølvsagt i tett samarbeid med Jostein Rysstad i Valle Sparebank.

Med beste helsing  
For Setesdal spelemannslag  
Gunnar Ose